

Sakshandsamar:

Atle Skrede

E-post: atle.skrede@sfj.no

Tlf.: 41530716

Vår ref.

Sak nr.: 17/5310-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

33070/17

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 06.09.2017

Notat**Frå:** Fylkesdirektøren**Til:** Hovudutval for næring og kultur**Søknad om investerings- og driftsstøtte til nye klatreanlegg i Sogndal**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke søknad om støtte til investering og bruks-/driftstøtte på til saman kr. 500.000 (kr. 250.000 i investering og driftsavtale på kr. 250.000 med 50.000 over 5 år) til utviding av tre nye klatreanlegg i Sognehallen med ulike funksjon.

Grunna svært stor auke og interesse for klatring i Sogndal og omland, og klatresporten si utvikling nasjonalt og internasjonalt ønskjer Sognehallen AS å utvide klatreanlegget med ein eigen buldrehall, ny vegg for nybyrjarar og speed-klatring (ny OL – grein frå 2020).

Bakgrunn for søknaden

Det vart bygd ein ny stor klatrevegg i Sognehallen i 1999 og denne vart utvida i 2006. Veggen har vore senter for eit klatremiljø som har utvikla seg til å verte ei drivande kraft for utviklinga av klatresporten. Gjennom utvikling av eit godt sosialt miljø, aktivitetstilbod, kompetanse og infrastruktur for sporten har ein gjeve regionen tilflyttarar som sett pris på klatring og friluftsliv. Slik har ein tiltrekt engasjerte og ressurssterke personar, noko som har bidrege til utvikling av klatrefelt utandørs.

Klatreveggen har vore eit sentrum for klatremiljøa i fylket, og har bidrege til at nye klatremiljø har utvikla seg andre stader i fylket. Nye klatremiljø har vorte etablert i Gloppen, Gaular og Vågsøy, og ein har styrka eksisterande klatremiljø i Florø, Førde og Aurland. Desse miljøa drege nytte av kompetanse og inspirasjon frå ressurspersonar frå klatremiljøet i Sogndal. Representantar frå miljøet gjev i tillegg jamleg råd i høve bygging, drift og vedlikehald av klatreanlegg både lokalt, regionalt og nasjonalt. I tillegg bidreg miljøet i Sogndal innan opplæring i klatring i fylket og rundt om i landet.

Målt i tal treningstimar har ein hatt ei auke frå 7900 treningstimar i 2010, til 32.100 treningstimar i 2016. Veggen er mykje brukt av ulike aktivitets- og idrettsgrupper, skular og klatreklubbar.

Målsetjing med utviding av klatreanlegget

Sognehallen AS ønskjer å skape eit topp nasjonalt anlegg for klatring, med høve til å arrangere konkurransar i buldring, led og speed. Ein vil ha svært gode treningsfasilitetar og eit godt treningsfagleg miljø for å kunne trekkje til seg nasjonale topputøvarar. Med bakgrunn i dette ønskjer ein å skape eit internasjonalt leiande miljø for klatreforskning. Ein ønskjer å skape ein attraktiv konkurransearena, og ein arena for trenings- og faglege samlingar. Det skal i tillegg vere eit breitt klatretilbod for alle nivå, og ein ønskjer å trekkje til seg fleire klatrande studentar.

Søknaden i høve spelemiddelsøknad, regional plan og fylkeskommunale behov

Sognehallen AS arbeidar med spelemiddelsøknad for dette anlegget for 2018. Sogndal kommune arbeidar med rullering av sin plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og anlegga er spelt inn til denne. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 skal og rullerast hausten 2017, og desse anlegga vert spelet inn til denne. Desse vert vurdert for prioritering saman med alle andre anlegg der tildeling skal styrast av regional plan. Anlegget er per i dag kostnadsberekna til kr 7.500.000, dette opnar for at ein kan få inntil kr. 2.500.000 i spelemidlar. I samband med Idrettssenteret AS si innmelding i Spenst Norge, utgreier Kulturdepartementet om dette er i konflikt med spelemiddelordninga. Klatreanlegga vert administrert av Idrettssenteret. Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og Sogndal vidaregåande har vurdert behov for utviding av dagens avtale med Sognehallen AS, men tilbakemeldinga er at dei ikkje ser grunn til å utvide avtalen ettersom behovet er dekkja gjennom dagens anlegg i Sognehallen. Ut frå ovanstående ser ikkje fylkesdirektøren at dette er ein søknad som skal prioriterast for fylkeskommunalt tilskot.